

Samfunnsdelen til kommuneplanen - planprogram

Kviteseid kommune har i handlingsprogrammet for 2010 vedteke å starte arbeidet med å lage ny samfunnsdel til kommuneplanen. Samfunnsdelen til kommuneplanen er den planen som står øvst i kommunen sitt plan hierarki. Gjennom denne planen er ambisjonen er å konkretisere politiske visjonar, mål og strategiar for ei ønska utvikling av Kviteseid kommune, både som samfunnsutviklar, tenesteprodusent og utøvar av mynde.

Fyrste steg i arbeidet med ny kommuneplan for Kviteseid kommune er utarbeiding av planprogram. Dette er ei oppskrift for planarbeidet som fastset korleis prosessen skal organiserast og kva for problemstillingar som skal ha fokus.

Me håper at så mange som råd nyttar høve til å koma med innspel på rammene for den vidare planprosessen og innhaldet i ny kommunedelplan.

Me ynskjer særleg tilbakemelding på:

- Innhaldet i planprogram
- Organisering av planarbeidet
- Sentrale tema/problemstillingar som ein bør ta opp i planarbeidet
- Kartleggings- og utgreiingsbehov

Vi håper at så mange som mulig nyttar sjansen til å komme med innspel på rammene for den vidare planprosessen og innhaldet i ny kommuneplan.

Formannskapet vedtok i sak 126/10 å leggje framlegget til planprogram ut til offentleg ettersyn. Frist for å koma med fråsegn er **10. januar 2011**.

Skriftlige innspel og merknader kan sendast som brev eller e-post til Kviteseid kommune, 3850 Kviteseid / postmottak@kviteseid.kommune.no